Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Tilleggsspørsmålnr. 6.

Emne: Folkelege musikkinstrument

Oppskr. av: Peder Pedersen

(adresse): Høylandet

Fylke: Nord-Trøndelag.

Herad: Høylandet

Bygdelag: Høylandet

Gard: Brendbo

G.nr. 87 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Tilsp. 1. Orelur eller som han heiter her: olderlur (fjukl) er vel kjendt her, men eg veit ikkji om at det i manns minne har vort sett inn ei tunge av noko slag t.d. eit halmstrå eller noko liknande.

" " 2. Namna halmepipe, harpipe er ikkje kjendt her.

" " 3. No heimelaga rangler har eg ingen eg kan nemne. Derimot er det her som andre stader nøgdmae slike som er kjøpte som leiketøy for småborn.

" " 4. Til å få fram smell, kan ein leggja eit blad i handa og slå til det med andre handa so det smell. Ein kan og blåse luft inn i ein papirpose og slå til han so han rivnar og dermed få til ein smell. Dersom ein sløytte blomsterkruna åt ein blom dei her kalla for „smellpung“ mot handbaken fekk ein og fram ein liten smell. Eg kjem og i hug at eg som smågut fann mykje moro i å få til smell med å leggje glødande kol på ein stein, eit smedjested eller liknande eindelag, spytta på det og so slå til med ein hammar. Med å svinge ei sveipe rikktig fort gjennom lufta fekk ein til det ein kalla „sveipsmell“. Det var helst når ein var ute og køyrde at ein nytta sveipa på den måten – for å setta fart i hesten utan å

7007

breike sveipa på han sjølv
Ved særne festloge høve. t.d. under ei breidferd frå kyrkja kunde folk i bygda ti bere for brur-folket fyre ao ei byrsesalve eller losne eit eller fleire minarskott. Om jonsokk kvelden kunde ein og gjera likeeins. Eg veit ikkje om at har vori knytt noko slag truer i samband med det som her er nemnt
Heller ikkje til det som er nemnt under
Sp. 5.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. T 6

Tilleggsspørsmålnr. til sporeliste nr. 6.

Emne: Olderlur.

Oppskr. av: Peder Pedersen.

(adresse): Höglandet i Stamdel.

Fylke: Sør-Trøndelag

Herad: Höglandet.

Bygdelag: Höglandet.

Gard: Brombo

G.nr. 87. Br.nr. 4.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Dessverre kan eg ikkje sende noko foto av olderlur av di slike ikkje vart gjøymd frå år til år. Dei vart gjerne laga til kvar vår, når olderborken løypte. Og no gjer kan det ikkje lenge i vår, so det er torådt å laga til ein slik lur. Olderluren er eller kommen ur bruk her i bygda, so eg ikkje kan få tak i nokon som ein kunde fotografera.

Som nemnt tidlegare vart denne luren laga av emne frå oldera – av olderbork, om våren i den tid om våren da telle treet „løypte" med ein ~~smal~~ skarp kniv skar ein to (2) parallelle spiralformede snitt oppetter og rundt leggen på ei passeleg tjukk older, slik at desse snitta nærma seg kvarandre etter kvart ein skar oppetter leggen. Denne barkstrimlen som som ein på denne måten skar og løypte frå olderstammen kunde vera mellom ein og to meter lang og smalna til mot eine enden. Frå den breiaste enden vart so denne strimlen rulla spiralforma rundt oppetter eit rundt treslykke – som var forma som ein lur, slik at eine sida av strimlen låg eit lite grande inn på den andre, altso taktaks – som det heiter her. Når so borken hadde fursa godt, kunde ein draga forma ut av luren, og han var ferdig.

10937

3.–

til bruk. Det var vel ikkje heilt rett å seie at ein slik olderlur høyrde til millom musikkinstrumenta. Den vart og helst nytta som „ropar" i gjeteskogen. Ved hjelp av ein slik lur kunne gjætarane sende bod seg imillom, og so [illegible] når borna var ute og gjætte i skog og fjell, og helst når dei var på stølen.
Da eg altso ikkje kunde sende foto av ein olderlur, har eg freista nokso likt om korleis han vart laga og kva dei nytta han til.
Om folk som hadde ei heller dårleg songrøyst vart det i gamle dagar sagt at dei „hadde oldertonar". Denne samanlikninga skriv seg vel frå at ei slik songrøyst likna på dei umusikalske tonane som ein fekk fram på ein olderlur.

10937